

COWI AS
Pb. 2422
5824 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2157 - 16/26390

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
26.09.2016

Rammeløyve til terrenginngrep - gbnr 177/46 Nesse

Administrativt vedtak. Saknr: 464/16

Tiltakshavar: Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsvirksomhet

Ansvarleg søker: COWI AS

Søknadstype: Søknad om rammeløyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om rammeløyve for terrenginngrep over eit område opplyst til å vere totalt ca. 16 500 m². Eit område på ca. 12 500 m² skal sprengast vekk, medan eit anna område på ca. 4000 m² skal planerast ut.

Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.06.16

Sakshandsamingsfrist

Sakshandsamingsfristen er for søknad om rammeløyve er 12 veker.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kjekkdalen fyllplass, utviding /1263-201306 er definert som næring.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 20 % BYA innanfor BN2 (der det skal sprengast vekk) og 25 % BYA innanfor BN3 (der det skal planerast).

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 24.05.16.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Avstand til offentleg veg er ikkje opplyst.

Det er søkt om planeringshøgde på kote + 29 for etappe 1 og kote + 34 for etappe 2 for etappe 2 i områda som skal sprengast vekk. Område som skal planerast i sør er berekna til å ligge ca. på kote + 29, jf. snitt C-C på teikning 0003 datert 24.05.16.

Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant for tiltaket.

Tilkomst, avkørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Tiltaket påverkar ikkje dagens forhold med tanke på tilkomst, avkørsle og parkering.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrengr.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Søkar har opplyst følgande om høgspentlinjer på eigedommen:

Det går to høgspentlinjer over eigedomen (vedlegg 1). Den eine kryssar eigedomen i sørvest-nordaustleg retning rett nord for det planlagde uttaksområdet. Den nordre grensa til uttaksområdet vil gå langs den sørlege grensa til faresona rundt høgspentlinja, og tiltaksområdet vil såleis ikkje gjere inngrep i denne omsynsssona. Basert på dei lokale geologiske forholda vil entreprenør vurdere om det er naudsynt med større forsiktighet i sprengingsarbeidet i området rett ved omsynsssona.

Den andre høgspentlinja kryssar eigedomen i søraust-nordvestleg retning i den austlege delen av eigedomen (vedlegg 1). Høgspenttraseen kryssar deler av området der masseutskifting og planering er planlagd. I dette området skal det ikkje sprengast, og masseutskiftinga kan utførast utan å berøre stolpane til høgspentlinja. I tråd med reguleringsføresegnene vil det ikkje bli etablert anlegg for varig opphold i faresona rundt høgspentlinja.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Det går ikkje fram av søknaden om delar av «Næringsområde sør» ligg nærmere offentleg veg enn 15 m. Ved søknad om igangsetting må det sendast inn reviderte teikningar som syner avstand til vegmidte. Vi gjer merksam på at dersom avstand til vegmidte er mindre enn 15 meter må det søkast til kommunen ved eining for teknisk drift om dispensasjon frå avstand til veg. Eventuell dispensasjon må ligge føre før det vert gjeve igangsetting for tiltaket.

Arbeid nær høgspentline må meldast og avklarast med BKK før arbeida vert sett i gang.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Tiltaksklasse

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttar rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve **rammeløyve** for terrenginngrep på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 24.05.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Reviderte teikningar og eventuell dispensasjon frå avstand til veg må sendast inn før det vert gjeve igangsettingsløyve.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/2157

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nordhordland og Gulen
interkommunale
renovasjonsvirksomhet

Lindåsvegen 1260 5956

HUNDVIN

Mottakarar:

COWI AS

Pb. 2422

5824

BERGEN